

**Vi protesterer mot utestenginga
av Raud Valallianse frå valprogramma i NRK:**

EIT GROVT ÅTAK PÅ YTRINGSFRIDOMEN I NOREG

Ved stortingsvalet i 1973 var RV med i valsendingane på lik line med dei andre landsomfattande partia som stilte til val i eit fleirtal av fylka.

Ved kommune- og fylkestingsvalet i 1975 vedtok NRK nye retningslinjer som var skreddarsydd for å halda RV borte frå valsendingane. Dette blir klårt vist ved at kravet først var at partia skulle stilla lister i kommunar som dekkja 1/4 av folkesetnaden. Då det synte seg at RV fylte dette kravet, vart retningslinjene endra ein gong til slik at «partia må ha vore representert på Stortinget i ein av dei to siste Stortingsperiodane». Slik var dei garantert mot at RV skulle få ta del i valkampsendingane.

Vi ser dette som eit einestående åtak på ytringsfridomen i Noreg. RV er i dag det e i n a s t e landsomfattande partiet som stiller liste i alle fylker, som er utestengd frå NRK-sendingane.

Vi stør kravet om at alle registrerte og godkjente parti som stiller liste i eit fleirtal av fylka, og som kan dokumentera ein landsomfattande organisasjon, skal ha lik rett til å delta i dei vanlege riksnett- og distriktssendingane og utvida sendetid for lokale lister i valkampen.